

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Avdeling for  
**Innovasjon og næringsutvikling (INN)**

Dato	18.08.2022
Vår referanse	2022/69046-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Endre Korsøen
E-post	Endre.Korsoen@vlfk.no
Telefon	91764632

**ABP Aqua Mongstad AS - Søknad om etablering av landbasert anlegg for oppdrett av settefisk og matfisk av laks og aure ved Mongstad i Alver kommune**


Vestland fylkeskommune viser til søknad motteken 01.07.2022 frå ABP Aqua Mongstad AS om løyve til etablering av anlegg for oppdrett av settefisk og matfisk av laks og aure ved Mongstad i Alver kommune.

Om søknaden

ABP Aqua Mongstad AS søker om løyve til å etablere anlegg for oppdrett av settefisk og matfisk av laks og aure. Søknaden gjeld ein samla årleg produksjon av 44 800 tonn, der 1800 tonn vil vera settefisk og 43 000 tonn er matfisk. Ståande biomasse vil vera inntil 29 135 tonn i matfiskanlegget og inntil 762 tonn i settefiskanlegget.

Heile anlegget skal drivast ved bruk av sjøvatn og avsalta sjøvatn, og vil vera uavhengig av eigen ferskvasskjelde. NVE har i brev av 24.02.2021 konkludert med at omsøkt anlegg ikkje treng ytterlegare vurdering etter vassressurslova.

Avlaupet frå anlegget vil bli reinsa i eit mekanisk avlaupsreinseanlegg med utslepp på 30 meter djup i den nordlege delen av anleggsområdet.



Den omsøkte nyetableringa vil skje på opparbeida areal innanfor næringsområde på Mongstad, som i reguleringsplan vedtatt 16. juni 2022 av Alver kommune er satt av til blant annet landbasert akvakultur.

Ei etablering av eit landbasert oppdrettsanlegg, vil både styrke det lokale næringsgrunnlaget og sørge for fleire nye arbeidsplassar lokalt

Anlegget vil også gje miljømessige positive ringverknader ved at det vert bygd i samsvar med NS 9416 der det vert nytta best tilgjengeleg teknologi og vil soleis bli særskilt i høve rømming av fisk.

For ytterlegare detaljer viser vi til søknaden.

#### Om KU

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskriftena. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Søknaden er supplert med rapportar for området som omhandlar konsekvensar av tiltaket og verdivurdering av naturmangfald. Denne gjev grunnlag for vurdering av verknader av omsøkt tiltak for miljø og samfunn. Rapportane gjev utfyllande informasjon og vurderingar knytt til dei ulike punkta i søknadsskjemaet for akvakultur i landbasert anlegg. Det meste av dokumentasjonen er basert på tilgjengeleg informasjon og kjent kunnskap. Dei ulike deltema er skildra grundig.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskriftena. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

#### Offentleg utlysing og kommunal uttale

Vestland fylkeskommune ber om at Alver kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søker, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søker.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen sin uttale, ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd.

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

**Endre Korsøen**  
seniorrådgjevar  
INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: ABP Aqua Mongstad AS